Ullensvang kommune

Bråvolltunet – Ny sjukeheim i Kinsarvik

Plan for sikkerhet, helse og arbeidsmiljø

Oppdragsnr.: **52501940** Dokumentnr.: **040** Versjon: **F01** Dato: **2026-08-26**

Norconsult

Oppdragsgiver:	Ullensvang Kommune
Oppdragsgivers kontaktperson:	Jørgen Meland
Totalentreprenør:	Ikkje avklart
Totalentreprenørens kontaktperson:	Ikkje avklart
Rådgiver fram til kontrakt:	Norconsult Norge AS
Oppdragsleder:	Tor Eivind Osmo
Fagansvarlig:	Ivar Tveito Eidnes
Andre nøkkelpersoner:	Endre Lægreid, Kåre Kalhagen Eitrheim

F01	2026-08-26	For anskaffelse	TorOsm	GHIsd	TorOsm
Versjon	**Dato**	**Beskrivelse**	**Utarbeidet**	**Fagkontrollert**	**Godkjent**

Dette dokumentet er utarbeidet av Norconsult Norge AS som del av det oppdraget som dokumentet omhandler. Opphavsretten tilhører Norconsult Norge AS. Dokumentet må bare benyttes til det formål som oppdragsavtalen beskriver, og må ikke kopieres eller gjøres tilgjengelig på annen måte eller i større utstrekning enn formålet tilsier.

Innhold

1 Innleiing **4**
1.1 Formålet med planen 4
1.2 Orientering om prosjektet 4
1.3 Målsetting for SHA 4
1.4 Informasjon om og oppdatering av SHA-planen 4
2 Organisering av prosjektet **6**
3 Organisering av prosjektet Error! Bookmark not defined.
4 Framdriftsplan **7**
5 Risikoforhold og spesifikke tiltak **8**
6 Rutinar for handsaming av endringar vesentlege for SHA **11**
7 Vedlegg **12**
Vedlegg 1: Førebels organisasjonskart (oppdaterast ved kontrakt) **13**

1 Innleiing

1.1 Formålet med planen

Denne planen for sikkerhet, helse og arbeidsmiljø (SHA) gjeld for prosjekt Bråvolltunet – ny sjukeheim i Kinsarvik. SHA-planen er utarbeida i samsvar med krava i § 8 i Forskrift om sikkerhet, helse og arbeidsmiljø på bygge- eller anleggsplassar (byggherreforskriften), og er byggherre sin overordna plan for styring av SHA-arbeidet i prosjektet.

Planen må sjåast i samband med krav til ivaretaking av SHA i kontraktane mellom byggherren og utførande partar.

1.2 Orientering om prosjektet

Ullensvang kommune står som byggherre for prosjektet Bråvolltunet - ny sjukeheim i Kinsarvik

Bråvolltunet sjukeheim ligg i Kinsarvik i Ullensvang Kommune, og vart bygd i 1987. I dette prosjektet skal det byggast eit tilbygg over 3 plan som skal romma 18 nye sjukeheimsplassar, garderobar, minnerom og lager. Deler av eksisterande sjukeheim skal byggast om med ny skjerma avdeling med 6 plassar. I tillegg vil det i underetasjen verta etablert nye fasilitetar for mellom anna heimeteneste og fysioterapi.

Kontraktens oppstart er satt til 30.11.2026, med forventet ferdigstilling 30.11.2029.

Som del av prosjektet inngår også flaumsikringstiltak og VA-arbeider.

1.3 Målsetting for SHA

Prosjektets mål for byggearbeida er:

- Ingen uønska hendingar som fører til død eller alvorleg personskade.
- Ingen skadar med fråver til fylgje.
- Ingen påverknad på personer som fører til svekka helsetilstand.

I tillegg skal byggjearbeida planleggast og gjennomførast slik at dei er til minst mogeleg ulempe for bebuarar og tilsette ved eksisterande sjukeheim, samt naboar til byggeplassen.

1.4 Informasjon om og oppdatering av SHA-planen

Koordinator for SHA i prosjekteringsfasen (KP) er dokumentansvarlig for planen fram til oppstart på byggeplass. Koordinator for SHA i utførelsesfasen (KU) er dokumentansvarlig for planen i utførelsesfasen av bygge- og anleggsarbeida.

Planen skal reviderast dersom det er endringar i prosjektet og opplysningar om dette, eller komande aktivitetar som krev at planen utviklast vidare. Oppdaterte utgåver skal godkjennast av byggherre. Oppdateringar av planen distribuerast på prosjekthotellet.

Tabell 1: Distribusjonsliste (oppdateres ved kontraktsinngåelse)

Navn	Firma	Rolle	e-post
Jørgen Meland	Ullensvang kommune	Byggherre/Prosjektleder	Jorgen.meland@ullensvang.kommune.no
Tor Eivind Osmo	Norconsult Norge As	Oppdragsleder/PGL	Tor.Eivind.Osmo@norconsult.com
Ikke valgt		Byggeleder	
Ikke valgt		Prosjektleder	
Ikke valgt		SHA koordinator KP/KU	
Ikke valgt			

Byggherre skal syta for at gjeldande versjon av SHA-planen skal vera lett tilgjengeleg på bygge- eller anleggsplassen.

Einkvar som oppdagar feil eller manglar i planen eller endra risikotilhøve, har ansvar for å melda om dette til byggherre, sjå også beskrivelse i kapittel 5.

2 Organisering av prosjektet

Prosjektet gjennomførast som totalentreprise, men kor delar av kontraktsarbeida er detaljprosjektert som NS3420- beskrivelse. Dette gjeld i hovudsak VA- og flaumsikringsarbeid. Eit organisasjonskart som viser organisering og rollefordeling av SHA-arbeidet i prosjektet fremgår av vedlegg 1 . Dette organisasjonskartet må oppdaterast etter inngått kontrakt.

Byggherre skal oppbevara planen i seks månadar etter at bygge- eller anleggsarbeida er avslutta.

3 Framdriftsplan

Overordna framdrift for prosjektet framgår av Generell del I i konkurransebeskrivelsen.

Planlagd oppstart av bygge- eller anleggsarbeida er januar 2027. Arbeida er planlagd å pågå fram til november 2027 med følgande hovedmilepælar:

- Delovertaking tilbygg 2028.09.30
- Delovertaking VA- og flaumsikring 2028.09.30
- Delovertaking rehabilitering eks bygg 2029.10.31
- Overtaking heile prosjektet 2029.11.30

Den einskilde entreprenør har ansvar for å utarbeida og vedlikehalda en detaljert framdriftsplan for eigne arbeid i samsvar med krav i kontrakten med byggherre. Framdriftsplanen skal utarbeidast før oppstart av eigne arbeider, og gjeldande utgåve av planen skal vera tilgjengeleg på bygge- eller anleggsplassen.

Totalentreprenør skal ha utarbeida detaljert framdriftsplan til 2027.01.18

4 Risikoforhold og spesifikke tiltak

SHA-planen byggjer på ein innleiiande risikovurdering utført i samband med utarbeiding av konkurransegrunnlaget, og er på ingen måte uttømande. Totalentreprenøren skal gjera sine eigne vurderingar av risikofylte arbeidsoperasjonar, og supplera med spesifikke tiltak.

Oversikt over identifiserte risikotilhøve i samband med utarbeiding av konkurransegrunnlaget vert synt i tabellen under.

Tabell 2: Oversikt over prosjektets risikoforhold.

Risikoforhold	Vurdering	Framlegg til tiltak	Ansvar
Arbeid nær installasjonar i grunnen	• Det kan vera ukjende anlegg i grunnen, både vatn, avløp og kablar. Underlag for å avklara plassering er begrensa.	• Graving i området kor det er sannsyneleg at det ligg installasjonar i grunn må utførast med varsomt • Kabelpåvisning	Entreprenør
Arbeid nær høgspent og elektrisk installasjonar	• Kablar inn til eksisterande trafo og nødstraumsaggregat • Tilkopling til eksisterande anlegg	• Kabelpåvisning • Sikre god oversikt og underlag før oppstart	Entreprenør
Arbeid på stader med passerande trafikk	• Arbeid på offentleg veg • Arbeid nær skuleveg, og veg til sjukeheim, legekontor • Stor trafikk og aktivitet i sommarmånadane • Arbeidet føregår på den einaste tilkomstvegen inn i området Bråto-Kalhagen	• Skilting og inngjerding • Tung sikring ved behov (Jersey-blokk el tilsv) • Planlegge kvar fotgjengarar skal gå ved omlegging, og sjå til at dette fungerar i praksis • Sikra tilkomst for naudetatar	Entreprenør
Anleggstrafikk som påverkar tredjeperson	• Redusert tilkomst for naudetatar • Mange sårbare mjuke trafikantar i området med omsorgsbustader og institusjonar	• Skilting og inngjerding • Tung sikring ved behov (Jersey-blokk el tilsv) • Planlegge kvar fotgjengarar skal gå ved omlegging, og sjå til at dette fungerar i praksis • Sikra tilkomst for naudetatar • God informasjon	Entreprenør
Arbeid på stader kor arbeidstakarar kan verta utsett for ras eller synka i gjørme	• Byggegrop skal gravast ut, inn mot eksisterande bygg	• Geoteknisk rapport tilrår at det vert sett opp mur ved graving inn mot eksisterande bygg	Entreprenør

Arbeid som inneber fare for drukning	• Entring og arbeid i VA-kummar	• Gode rutinar og god planleggjing • Sikker Jobb Analyse ved all entring av VA-kummar • Sikre formell fagkompetanse og fagbakgrunn for utførande	Entreprenør
Arbeid med montering/demontering av tunge element	• Evt bruk av fleire fjenstyrte kranar samstundes kan medføra fare for signalforveksling	• Sikra at kranar kan nyttast uavhengig utan signalinterferens	Entreprenør
Arbeid som inneber fare for helseskadeleg eksponering for støv, gass og støy	• Eksisterande sjukeheim skal vera i full drift i byggeperioden • Bebuarar og tilsette ved sjukeheimen kan verta utsett for støv og støy • Bråvolltunet ligg i område for høg aktsomhet radon • Bygget er bygd etter forbud mot asbest, men det kan ha vore nytta gamle materialar	• Det skal vera sterkt fokus på å begrensa støv og støy gjennom heile byggeperioden • Under rivearbeider skal det settast opp konkrete tiltak for handtering av støv • Særskild støyande arbeid skal planleggast i tett dialog med byggherre og sjukeheim i drift. Tidsrom skal avklarast.	Entreprenør/Byggherre
Arbeid som utset personar for kjemiske eller biologiske stoff	• Arbeid på eksisterandeavløpsanlegg og feittutskiljar • Riving av eksisterande kjølemaskiner • Fare for forureining av drikkevatn i samband med omkopling	• Gode rutinar for personleg verneutstyr og hygiene • Syta for at dei utførande får tilbod om relevant vaksinasjon • Sikra tilfredstillande tiltak og gode rutinar i alt arbeid på drikkevassforsyning • Iverksetja tiltak som kokevarsel og dokumentara med ekstra vassprøvar • Ref dokument Z-78-02_01 Notat om midlertidig VA	Entreprenør
Arbeid som inneber brann- og eksplosjonsfare	• Varmt arbeid • Arbeid på eksisterande brannalarmanlegg, som også betjene fleire bygg • Sjukeheim i full drift	• Dokumentert sikkerhetsopplæring for utførande vart arbeid • Etterstreba prosjektering av løysingar som ikkje fordrar varmt arbeid • Ta omsyn til brannalarmanlegg	Entreprenør

Plasstilhøve og tilkomstmogelegheiter som kan medføra auka risiko for liv og helse	• Redusert mogelegheit for rømning og redning • Tilkopling til eksisterande bygg i område der det er rømningsveg	• Syta for avbøtande mellombelse tiltak ved sperring/innsnevring av rømningsveg og tilkomstveg.	Entreprenør
Forhold knytt til framdrift som kan medføra auka risiko for liv og helse	• Arbeid på og nær sjukeheim og legesenter i full drift	• Koordinering og tett dialog med sjukeheim/legesenter i heile byggeperioden	Entreprenør/Byggherre

5 Rutinar for handsaming av endringar vesentlege for SHA

Med endringar meinast i denne samanheng endringar i løysingar, planar, framdrift, organisering, risikoreduserande tiltak eller andre tilhøve i prosjektet som kan påverka SHA for arbeidstakarane på bygge- eller anleggsplassen.

Arbeidsgjevarar og einmannsbedrifter skal informera byggherren om endringar i prosjektet som kan ha innverknad for arbeidstakaranes sikkerhet, helse og arbeidsmiljø. Spesielle risikoforhold som er forårsaka av byggherren og/eller dei prosjekterande sine val, og som ikkje er omhandla i SHA-planen, skal også meldast som endringar til byggherren.

Informasjon og melding om endring skal sendast byggherren ved KU.

KU skal fortløpande:

- Halda byggherren orientert om endringar knytt til SHA-planen.
- Følga opp at risiko som følge av endringar vert vurdert.
- Syta for at naudsynte risikoreduserande tiltak vert identifisert og avklart.
- Syta for at SHA-planen oppdaterast med omsyn til dette.

Byggherre er ansvarleg for å beslutte tiltak som skal iverksetjast. Arbeidsgjevarar og einmannsbedrifter skal haldast løpande informert om endringar i SHA-planen iht. kap. 1.4.

6 Vedlegg

Vedlegg 1: Førebels organisasjonskart

Vedlegg 1: Førebels organisasjonskart (oppdaterast ved kontrakt)